

Krinssamling på Nøtterøy i Vestfold og på Onsøy i Østfold

9. – 12. august var det treningssamling på Nøtterøy for ungdom og voksne frå Sogn og Fjordane Orienteringskrins (SFOK). 6 ungdommar og 5 voksne (6 voksne siste døgeret) deltok der.

Initiativtakarane og ansvarlege for samlinga var Ivar Bergset, Kurt Grønli og Johan Magerøy.

Elias Bergset og Sven Bergset Langvik hadde ansvaret for opplegget ved treningsløpa 10. og 11. august. Vi sprang i løyper lagt ut av OL Tønsberg og omegn, men dei to ungdommane la inn artige øvingsmoment i samband med kvart av treningsløpa. Både Sven og Elias har gjennomført Trenar 1-kurs i 2019, og det har vi allereie fått god nytte av!

Vertskap for samlinga var Johan Magerøy, som etter fattig evne var guide på Slottsfjellet i Tønsberg den eine ettermiddagen og til Verdens Ende på Tjøme den andre. På Verdens Ende blåste det kuling medan vi var der 11. august. Her er gjengen på Verdens Ende.



F.v. framme: Peder Nyberg og Sven Bergset Langvik. F.v. bak: Anita Hole, Ivar Bergset, Leif-Inge Jevnlid, Kurt Grønli, Elias Bergset, Håkon Grønli, Anja Hole og Knut Even Hole.

Bading i Vestfjorden (Tønsbergfjorden) inngjekk også i programmet for mange av deltakarane.

På føremiddagen 12. august reiste alle vidare til Østfold og verdsmeisterskapen i orientering. Der fekk vi selskap av ytterlegare 4 voksne og 1 ungdom frå krinsen, slik at vi var totalt 17 personar frå krinsen som deltok i publikumsløp og som heilagjeng under VM i orientering. Vi budde på Onsøy Hyttepark.

Under VM fekk vi oppleve at Olav Lundanes henta to gull til Noreg (mellomdistanse og langdistanse), men også at Noreg fekk ein nedtur ved stafetten. Livet har både oppturar og nedturar.

Dei fleste av gjengen frå Sogn og Fjordane var i Østfold heilt til VM var slutt 17. august.

Referent: Johan Magerøy (i SFOK)